



STORD  
KOMMUNE

# Korleis stimulera til god språkutvikling hos barn

«Språkmiljø og språkstimulering  
i barnehagen»  
Prosjekt: 2008- 2010



# Korleis stimulera til godt talespråk

- Bruk språket
- Snakk med barnet om daglege hendingar
- Bruk korte setningar
- Snakk tydeleg og med vanleg språk
- Gje barnet tid til å snakka ferdig - Lytt til barnet
- Bruk bøker, eventyr, songar, rim og regler
- Gje barnet opplevingar, og set ord på dei saman med barnet
- Lær barnet fakta, stadnamn, namn på tre, blomar osv
- Leik med barnet. Sjå også TV og spel CD`ar saman med det. Snakk om innhaldet.
- Gje barnet kjensle av å meistra. Samarbeid med barnet, og la det delta i daglege gjeremål. Ros barnet
- Ha forventningar til barnet i høve nivået det er på. La det både vera stor og liten avhengig av situasjonen
- Les for barnet. Bruk bøker, blad, aviser, fotoalbum
- Bruk biblioteket.



# Kvifor skal me lesa

- Det stimulerer språkutviklinga til barna
  - Det er gode stunder for dialog og samtale
  - Det stimulerer fantasi og kreativ tenking
  - Barna får øva opp evna til å konsentrera seg og trenna minnet
  - Det stimulerer til leselyst og gir opplevingar
  - Barna vert glad i bøker og får oppleva tryggleik gjennom oppattaking
  - Skapar spenning og forventning
  - Mykje omsorg i ei god bok
  - Det er god omgrepslæring og unike stunder til å snakka om mange ting
  - Øver opp evna til å lytta
  - Barna kjenner seg ofte seg sjølv og situasjonar igjen i bøker
  - Førebuande lese- og skriveopplæring
  - Barna får sjå samanheng mellom tekst og bilete
- Døme: Me kan t.d. visa kva veg me les. Me kan syna korleis me dreg saman bokstavane til ord



# Alle barn treng bøker

«O mektige fear! Gje barnet mitt i faddergåve  
ikkje berre helse og rikdom, og alt det der  
som de pleier å komma stikkande med.  
Gje barnet mitt lesehungre, det ber eg om med  
brennande hjarte!

For eg ville så gjerna at barnet mitt, i handa si  
skal få nøkkelen til eventyrlandet, der ein  
kan henta dei vakraste av alle gleder  
- Slik burde kvar einaste mamma og pappa tenkja!»  
**Astrid Lindgren**



Barnehagane i prosjektet:

Sæ barnehage

Ås barnehage

Furuly barnehage

Tjødnalio barnehage

Kåreviksmarka FUS barnehage